



**Vår eigen forfattar Olaf Agnar Gausvik har forfatta ein song om snøgåso i Nåso og det gjorde han før vi kasta ut brannfakkelen om at ho kanskje likna like mykje på ei svane. Her er songen:**

#### SNØGÅSO

Tone: Lenda frå Land

No skal du få høyra ei soge eg fann  
om snøgåso oppe i Nòso,  
eg kan gjerne sverja på at ho er sann,  
så slepp du å tvila på slåso.

Vi veit at når sommaren lakkar og lir,  
og ingen kan mata seg lenger  
der nord i det rimfrosne, kalde Sibir,  
går gjæsene flokkvis på venger.

Så flyg dei av garde i v-forma plog  
til varmare land sør i verda.  
Dei brøyter seg fram over sletter og skog,  
og snadrar om fårer på ferda.

Ein gong kom ein gåseflokk heilt ut av lei,  
og baska seg trøytt i vinden,  
men her skal det berre forteljast om ei  
som styrta ved Geitedalstinden.

Når nauda er størst, så er berginga nær.  
Ein bonde med gard nedi dalen  
var nett denne dagen i fjellet på ferd  
med buhund og såg etter smalen.

Og rakken fekk teven og tok til å gøy,  
og slik fekk dei spora opp gåso  
som låg der og kurde, klarert for å døy,  
i ulendet borte i røso.

Eit syn altfor sterkt for ein dyrekjær kar,  
så hunden laut ta seg av søya,  
og mannen tok fuglen i fanget, og bar  
ho heimover gøymd under trøya.

Vel heime fekk gåso det likaste stell  
med meiskande mat og med drikka.  
Ved eldstaden låg ho på saueskinnsfell,  
og blidt på sin bergingsmann kikka.

Det var eit Guds under koss ho kråna til  
der inne i ståket og skratten,  
og fuglen som føddest så var og så vill,  
var snart like husvarm som katten.

Så gjekk det mot vår og eit linnare lag,  
med grogrøne bakkar og enger,  
då strekte ho på seg og slo nokre slag  
med friske og utkvilde venger.

Det låg nok ein lengt langt der inne på lur,  
mot livet i samver med sine.  
Du kjenner nok sjølv slik ein trekkfuglnatur  
kvar gong du er borte frå dine.

Ein skyfri og strålande forsommardag,  
med gardsarbeid ute og inne,  
kom lyden av kraftige startvengeslag,  
og der såg dei fuglen forsvinne.

Og kursen ho styrde, var strakt imot nord,  
ho gjord' ikkje teikn til å vende,  
Frå bonden kom berre fem stillslege ord:  
"Den førkja kjem aldri attende."

Men morgonen etter då unghanen gol,  
var sommaren komen med vinden.  
Ja, snøfonner smelta som smørklatt i sol;  
og oppe ved Geitedalstinden

i brattaste, blåsvarte bergveggen stod  
ei snøgås og såg ned på garden.  
Det var som eit makelaust bilde av ho

som nett førre dagen var faren.

Då bøygde vår bonde sitt hovud i bøn  
og takk for den gudgjevne gester:  
ei tagal, men talande livbergingsløn  
med helsing den fjørkledde gjesten.

Ja, dette, i korte og avstutta drag,  
var saga om Uskedalsgåso,  
og ser du mot høgda ein midtsommardag,  
så står ho der oppe i Nòso.